



# KYRKJEBLAD

*For Kviteseid, Vrådal, Brunkeberg, Fjågesund og Kilen*



*God påsketid!*



# Kyrkjetrappa

## KYRKJEKONTORET I KVITESEID

Telefon: 35 06 81 31  
Kviteseidgata 13, 3850 Kviteseid  
[www.kviteseid.sokn.no](http://www.kviteseid.sokn.no)



**Kyrkjeverje**  
Kristen Salmelid  
Kontor tlf: 35 06 81 31  
Mobil tlf: 97 04 78 60  
[post@kyrkjetrappa.no](mailto:post@kyrkjetrappa.no)



**Kyrkjegardsarbeidar/  
kyrkjetenar**  
Håkon Heggtveit  
Mobil tlf: 91 18 37 50



**Sokneprest**  
Møyfrid Lunde  
Kontor tlf: 35 06 81 32  
Mobil tlf: 46 90 72 31  
[sokneprest.kviteseid@kyrkjetrappa.no](mailto:sokneprest.kviteseid@kyrkjetrappa.no)



**Kyrkjegardsarbeidar/  
kyrkjetenar**  
Jan Haugen  
Mobil tlf: 91 12 02 48  
[kyrkjetenar@kyrkjetrappa.no](mailto:kyrkjetenar@kyrkjetrappa.no)



**Organist**  
Olav Holm  
Mobil: 93 40 11 56  
[organist@kyrkjetrappa.no](mailto:organist@kyrkjetrappa.no)



**Kyrkjegardsarbeidar/  
kyrkjetenar (vikar)**  
Bjørn Stian Sigurdsli  
Mobil tlf: 97 07 87 71



**Trusopplærar og  
kyrkjelydssekretær**  
Knut Ove Lofstad  
Kontor: 35 06 81 28  
Mobil tlf: 99 61 65 26  
[tru@kyrkjetrappa.no](mailto:tru@kyrkjetrappa.no)



**Prostidiakon**  
Eilev Erikstein  
3880 Dalen  
Mobil tlf: 91 11 35 80  
[eilever@online.no](mailto:eilever@online.no)

### Om bladet

Ansvarleg redaktør: Møyfrid Lunde.  
Framsida: Foto: Krusifiks, Marit Andersen, 15år  
Utforming og trykk: Erik Tanche Nilssen AS

### Gåver:

Bankkonto: 2660.45.14648  
Vipps: 3850 (Den norske kyrkja i Kviteseid)

# Påskebiletet

I sosiale medium florerer det av påskebilete. Det er snø og sol, kyllingar og egg. Men påskebiletet framfor noko er det av Jesus på krossen. Biletet på framsida er skore i tre og heng i Kilen kapell. Det er eit imponerande verk laga av ei ung kunstnar i konfirmasjonsalder. I jubileumsskriftet for Kilen kapell står det at ho sat og arbeidde med bjørkekubben i eit rom i våningshuset på Tytegrav, der for eldra hennar var forpaktarar. Ho hadde nok mange gonger sett krusifikset som heng i Brunkeberg kyrkje. Det er mykje eldre, kanskje så gammalt som frå mellomalderen.

Når skulebarn kjem inn i Brunkeberg kyrkje i dag, spør ofte ein av dei kven det er som heng der framme. Er det Jesus? Eg forklarar at det ikkje er Jesus, men eit bilet nokon har laga av han. Men kvi for heng det biletet av Jesus på krossen i så mange kyrkjer? Det syner ei hending som er helt avgjerande i vår kristne tru. «Han vart såra for våre brot, knust for våre synder. Straffa låg på han, vi fekk fred, ved hans sår vart vi läkte.» (Jes 53,5) Der på krossen tok han straffa som vi skulle hatt for den urett vi gjør mot andre, mot oss sjølve, mot skaparverket og mot Gud som har skapt både oss og alt som lever. Å gje livet sitt for nokon slik han gjorde, er den største kjærleikshandling.

Likevel likar eg sjølv betre biletet av den tomme krossen. Påska er den største høgtida i kyrkja fordi Jesus ikkje berre døyde på krossen, men han sto opp att frå dei døde. Han vart tatt ned av krossen, lagt i ei grav, og sto opp den tredje dagen. Den tomme krossen minner meg om Jesu oppstode og at han lever i dag.

*Jesus lever, gravi brast!  
Han sto opp med guddoms veld.  
Trøysti står som fjellet fast,  
Kristi strid og blod skal gjelde.  
Lynet blinkar, jordi bever,  
gravi brast, og Jesus lever!*

Han lever og vi skal få leve. Det er livet vi feirar i påsketida som no ligg framføre oss. Livet har så mange bilete i naturen rundt oss no som våren kjem. Det spirer fram nytt liv på alle kantar. Snart summar det av insekt, og sommarfuglar med vakre teikningar kan på ein særleg måte minne oss om oppstoda til nytt liv. Nyfødde lam og kyllingar som hakkar seg ut av egg, gjev håp for framtidia.

Korona har siste året minna oss på at vi alle skal døy ein gong. Døden er ein naturlig følgje av livet vi lev. Men på grunn av Jesus, kan vi feire både dette livet og det evige.

God påsketid!

*Av sokneprest Møyfrid Lunde*

# **– Kviteseid er ein god stad å bu, seier Gunhild Dobbe.**

Ho har vore lege både i Telemark og på Filippinane.

**Som menneske er me på reise i livet, frå fyrste pust til siste andedrag. På denne ferda formast livsramma – våre tankar og kjensler, våre ord og haldningar. Me møter unge og eldre i ljose dagar og mørke stunder. Kjenner på fellskapet og einsemda. Pustar inn nærliken og omsorga. Dette kan me føle og tale om. Mange har gjort det, og opplevd den atmosfæren - at dei har fått ein ven for livet. Ein slik person har lege Gunhild Dobbe i Kviteseid vore. Ho har skapt stor tillit både heime og ute og fyller 75 år til sommaren.**

Gunhild Dobbe vart fødd i utkanten av Kragerø 25. juli 1946. Ho vokste opp på småbruket Dobbe som nummer to av tre sysken, og budde der dei fyrste 19 åra av livet. Heime var det naturleg å delta i gardsarbeidet og ha nærbondkontakt med dyra og naturen. Livet var trygt og forutsigbart, og det var naturleg å gå på den vesle, todelte skulen i området med maks 20 elevar.

**– Kva vil du nemne som særmerke for vener og foreldre?**

- Eg hadde ei rekke gode barndomsvenner i heimemiljøet, og framleis kan mange av oss møtast regelmessig. Alle foreldra våre var gode kjenningar og hørde med til venekrinsen. Difor var det nokså like forhold i dei forskjellige familiene, fortel Gunhild.

– Mor og far var nøysame og gudfryktige personar. Dei levde ut ein glad kristendom, som eg følte meg heime i. Difor har eg alltid hatt kristentrua med meg, som ein sentral del av livet. Sjølv om eg vokste opp i ei lita grend etter krigen, var det rikeleg med fritidsaktivitetar. Eg kan nemne: sundagsskule, to forskjellige barnelag, skulemusikk og speidaren. Ikkje minst har speidarlivet gjeve meg mange gode minne frå barne- og ungdomsåra. Opplevelingane var flotte med varierte turar, mange oppgåver og leifarar.

**– Korleis vart utdanningsvegen din?**

– Utdanningevegen vart kanskje lengre enn for dei fleste av ulike grunner. Den

yngste bror min var funksjonshemma og døydde tidleg. Eg hadde lenge ønske om utdanning retta mot hans liv. Difor hadde eg ingen tanke om legeutdanning etter gymnasåra og starta med sjukepleieutdanning i Tønsberg. Men undervegs fekk eg lyst til noko meir, og så gjekk vegen rett til Oslo og seks fantastiske år på legestudiet. Etterpå blei det ein del farting mellom ulike arbeidsplassar i Telemark og på Vestlandet. I Bergen var eg ei tid knytt til Haukeland sjukehus, der fekk eg mange interessante arbeidsoppgåver innan laboratorieverksemd og forsking.

*– Kvifor enda du opp i Kviteseid?*

– Legetenesta i Bergen var nok interessant, men eg sakna ofte kontakt med levande menneske. Då det blei lyst ledig legestilling i Kviteseid, følt test det naturleg å søkje hit. Som telemarking hadde eg nok alltid hatt lyst til å slå meg ned i heimefylket.

Her skyt Gunhild inn: - Når eg minnest tilbake, hadde eg høve til å velje nokså fritt rett etter studiet. Eg valde Notodden sjukehus som turnusplass; og deretter Kviteseid til distrikts-turnusen, som det heitte den gongen. Det var i dr. Berstads tid, og eg treivst utruleg godt, så det var heilt naturleg å søkje seg tilbake etter perioden i Bergen.

*– Kva tenkjer du om arbeidssituasjon og pasienthaldning i yrkeslivet?*

- Legelivet er spennande, utfordrande og interessant. For meg har det vore eit rikt liv, som eg ser tilbake på med stor glede. Samtidig tenkjer eg med audmjukskap på alle dei som har late meg få ta del i



*Gunhild Dobbe. (Foto: Olav Mosdøl)*

livet sitt. I samtalane kjem ein så tett inn på mange menneske – og må prøve å vere oppmerksam og lyttande, understrekar Gunhild.

I tillegg må nemnast: Det har nok vore lange og slitsame dagar, tydeleg overtid, men og veldig mykje moro. Gode arbeidsforhold har eg hatt og gode kollegaer både i Kviteseid og Seljord, som var siste arbeidsplass.

*– Kva førde deg til teneste i Manila på Filippinane?*

-- Som telemarking hadde eg litt kjennskap til Rachel Trovi frå Langesund, som hadde starta arbeid blant fattige og einsame i Manilaslummen i 1988. Då det

nærma seg permisjonsår frå legearbeidet i Seljord, høyrde eg henne tale om Ma'Ma Children's Center of Norway på ei samling. Dette greip meg sterkt og førde til kontakt og samtale mellom oss to. Etterpå har det gått slag i slag frå 2004 fram til 2020. I feriar, permisjonar og pensjonstid har eg som lege i korte og lengre periodar vore knytt til Ma'Ma-sentret i Manila.

– Det har vore utruleg gjevande, seier Gunhild Dobbe.

– Men no har koronaen sett effektive bremser for ny utreise - førebels. Likevel har eg som styremedlem i stiftinga nesten dagleg kontakt på mail, SMS og Messenger. Og eg lengtar ofte etter alle der ute. Arbeidet med helsehjelp, medisinar, mat, klede og sko til fattige i området er viktig.

– *Betyr det noko for deg å bu i Kviteseid? - er sluttspørsmålet.*

Gunhild Dobbe tenkjer seg vel om. Så formar ho ei påskehelsing 2021 til alle ho kjenner, med desse orda: – Kviteseid er ein god stad å bu. Eg har aldri vore i tvil om kvar eg vil bu som pensjonist. Eg har heimen min her og opplever eit fint og diakonalt menighetsliv i bygda ved Telemarkskanalen. Når eg ser tilbake, har eg fått vere med i soknerådet i tre periodar; eg får ta del i misjonsforening, diakoniutval og mange aktivitetar på Misjonshuset og i kyrkja.

Som innflyttar vil eg takke for god mottaking i bygda frå 1980-åra. Her var eg lege, og her har eg budd lengste tida i livet mitt; no føler eg meg meir som vest-



Foto frå Gunhilds legearbeid i Manila. (Foto: Privat)

telemarking enn som sannidøl. Ein song som eg er veldig glad i, er songen til Lina Sandell: «Gjør det lille du kan». Fyrste verset lyder slik: Gjør det lille du kan, der hvor Gud har deg satt, stå ei ledig mens dagene flyr! Etter vår kommer høst, og på dag følger natt, og kan hende ny morgen ei gryr. Mens det ennå er tid, så Guds ord på ditt sted, og din gjerning skal modnes i fred.

– Dette har vore viktig for meg, sluttar Gunhild Dobbe, - både her heime og på Filippinane. Eg har stundom blitt nedslegen og motlaus i nærblokk med all nauda i verda. Likevel vil eg seie: Me kan nok ikkje hjelpe alle. Men alle kan hjelpe nokre. Det gjeld også i våre heimlege miljø.

Tekst: Olav Møsdal

# Gåve

**100 personar gav samla kr 30.200 gjennom kyrkjebladet i 2020! TUSEN TAKK for di gåve!**

Med utlegg på kr 78.000 for å få dei 4 nummera heim til alle husstandar, byrjar gapet å bli stort. Kanskje kan det forklarast med eit annleis korona-år? Gåvene i 2018 var kr 57.000 og i 2019 kr 48.000. Kostnadane med bladet har vore uendra dei siste åra.

Vi set stor pris på dei 100 som sender ei eller fleire gåver gjennom året. Viss litt fleire ville gjort det same, hadde vi fått endane til å møtast. Om lag 1300 husstandar i Kviteseid får bladet i postkassa og 90 'kvitseidin-

gar' får det tilsendt. Om lag 30 sendte frivillig kontingent sist haust.

Med 100 kr frå kvar husstand ville vi fått dekka alle utgifter.

**Send gjerne di gåve i dag til Vipps 3850. Bruk kategori 5 eller skriv 'Kyrkjebladet' i meldingsfeltet.**

**Du kan også nytte denne 'giroen' eller sende på nettbank til konto 2660.45.14648. Merk då innbetalinga med 'Gåve kyrkjebladet'.**

På same vipps-nummer eller bankkonto går det og an å gje generelle gåver til arbeidet i Kviteseid sokn, til trusopplæring, diaconi, eller til misjonsprosjekta våre.



Ynskjer du skattefrådrag på denne og andre gåver til kyrkja, så skriv det i meldingsfeltet. (Gjeld for min. 500 kr/år). Totalt melde vi inn kr 128.000 som skattefrie gåver i 2020. 36 personar får no i år i snitt tilbake nesten 1000 kr kvar på skatt. Slik takkar staten oss for vår støtte til frivillig arbeid!

<b>Kvittering</b>		
Innbetalt til konto		
2660.45.14648		
Betalingsinformasjon		
Betalt av	Beløp	Betalerens kontonummer
<input type="text"/>		
GIRO		
<input type="checkbox"/> Underskrift ved girering		
<input type="text"/>		
<input type="checkbox"/> Betalt til		
<input type="text"/> Kviteseid sokn Kviteseidgata 13 3850 Kviteseid		
Kroner	Øre	Til konto
<	>	2660.45.14648

# Nye misjonsprosjekt for Kviteseid sokn

*Soknerådet har vedteke å gjere avtale med Normisjon om å støtte Okhaldhunga sjukehus i Nepal og med Norsk Luthersk Misjonssamband om å støtte arbeidet med bibelomsetjing i Etiopia. Målet er å samle inn 20 000 kr til kvart prosjekt årleg i fire år.*



## Okhaldhunga sjukehus i Nepal

Dette sjukehuset ligg 8 mil frå Mount Everest og er det einaste i eit område der det bur over 250 000 menneske. Det vert drive av United Mission to Nepal, ei sammanslutning av personar og organisasjoner i og utanfor Nepal. Barn som veg under 12 kg får gratis tenester her, og fattige får støtte av eit pasientstøttefond. Her er også sjukepleiareskule og eit nytt prosjekt for inkludering av menneske med fysisk og psykisk funksjonsnedsetjing. Arbeidet er i hovudsak diakonalt. Det blir ikkje drive forkynnande misjonsarbeid i Nepal, men å betre helse og likeverd for fattige hører også med til evangeliet

og kyrkja sitt misjonsoppdrag. UMN ynskjer også å støtte dei nasjonale kristne i å elske Gud og sin neste.

**Liv Wendel**, som hadde mye av oppveksten sin i Kviteseid, har arbeidd for UMN i Nepal i eit prosjekt i Bajhang-provinsen. Ho var utsending frå Normisjon, og Kviteseid kyrkjelyd støtta arbeidet i den førre misjonsavtala. No skal ho arbeide i Okhaldhunga med å styrke sjukepleiareskulen og jordmortenesta ved sjukehuset. Planen var å reise i høst, men pga. corona-pandemien og visum-problemet har reisa blitt utsett fleire gonger. No håpar ho å kunne reise i løpet av våren.

## Bibelomsetjing i Sør-Etiopia

Sør-Etiopia har mange ulike folkegrupper. Fleire av dei har ikkje eigne skriftspråk. **Karen Elisabet Wittersø** og **Hector og Fredrik Hector** har i fleire år arbeidd med å omsetje Det nye testamentet til tsamakko. Dei er utsendingar frå Norsk Luthersk Misjonssamband, og omsetjingsarbeidet skjer i samarbeid med Wycliffe Bible Translators og den etiopiske greina av SIL, som arbeider med å utvikle og ta vare på minoritetsspråk.

Å omsetje Bibelen til tsamakko er komplisert og krevjande, for først må dei lage eit skriftspråk for dette språket. Dei må så å seie byggje opp alfabetet frå grunnen av. Omsetjinga skjer frå den greske grunnteksten, samtidig som det er nyttig å sjå på bibel-utgåver på andre språk. I heile prosessen er naturleg nok mange lokale medarbeidarar engasjert.

Ei bibelomsetjing på tsamakko gjer Bibelen og den kristne bodskapen kjend for folk, men dette er også samfunnsbyg-



gjande. Å få sitt eige skriftspråk er veldig viktig for identiteten til ei folkegruppe.

Karen Elisabet hadde delar av oppveksten og skulegangen her i Kviteseid. Då ho fyrste gong vart utsendt til Etiopia, var det ei forbønshandling for henne i gamlekyrkja. No bur ho og Fredrik og dei tre borna i Tjølling i Larvik kommune. Omsetjingsarbeidet blir for tida gjort via internett. Planen deira er å reise ut til Etiopia att til sommaren. I pinsa vil dei kome til Kviteseid og informere kyrkjelyden om arbeidet sitt.

*Tekst: Øyvind A. Jørgensen*

*Foto: Privat*



# Digital leir på Straumsnes

22. – 24. februar var konfirmantane samla til digital leir på Straumsnes i Vrådal. Kvar dag frå 10:15 til 16:00 fylgde dei undervisning frå Ønsket og Elsket på stor-skjerm. Konfirmantane nytta snapchat og instagram på telefonane sine for å ha fellesskap med dei andre konfirmantane i Øvre Telemark som også var på leir. Etter at den digitale undervisninga var ferdig for dagen deltok konfirmantane på diverse aktivitetar lokalt.

Eg gjorde nokre intervju med konfirmantane der eg stilte dei spørsmål om leiren. På spørsmålet om det var moro på leir, svara alle ja. Eg spurde konfirmantane kva dei hugsa best frå leiren. Mange nemnde gruppe-konkurransen «konf. challenge». Dei ulike gruppene fekk mange forskjellige oppgåver og utfordringar, og til slutt vart ei av gruppene kåra til samanlagt vinnar. «Vintermeisterskap» var noko av det konfirmantane hugsa best. Her konkurrerte dei i aking, curling, snøborg og langrenn i blinde. Natursti vart også nemnt som ein favoritt fordi det var passe blanding av fysiske utfordringar og hjernetrim/kunnskapsoppgåver.



Frå underhaldningskvelden, foto: M.L.

Konfirmantane deltok også i ein konkurrans arrangert av Ønsket og Elsket på tvers av kyrkjelydane i Øvre Telemark. Vinnaren vart kåra mot slutten av leiren, og jubelen sto i taket då det vart annonsera at den eine gruppa frå Kviteseid-konfirmantane vant heile konkurransen!

På spørsmålet om kva dei har lært på leiren fortalte konfirmantane mellom anna at dei hadde lært mykje om gode verdiar og at det er lurt å ta rette val i livet. Konfirmantane fortalte også at dei hadde lært at Gud passar på kånn uansett kvar me er, og at alle kan få ein ny sjanse sjølv om dei har gjort nokon därlege val. Nokre fortalte at dei hadde lært meir om kristendom generelt, og vanskelege omgrep som: synd, skyld, skam, nåde, tilgjeving og sjølvbilete.

Konfirmantane påpeka at det hadde vore betre med ein tradisjonell leir der alle kan møtest fysisk, men at den digitale løysinga var eit godt alternativ.

Tekst: Knut Ove Lofstad



Vinnarlaget, foto: K.O.L.

# BARNAS SIDE

## Finn vegn til Jesus!

Hjelp Maria, Peter og Johannes å finne vegn til engelen i den tomme grava, og vidare til Jesus! (Teikning: Kari Sortland)



## Finn fem feil

Maria Magdalena sprang og fortalte lærersveinane at Jesus var stått opp frå dei døde. Dei to biletene er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet til høgre? (Teikning: Kari Sortland)



Gje barnebladet  
**BARNAS** til eit  
barn du er  
glad i!

Desse oppgåvene er  
henta frå bladet.

Bestill abonnement  
på [sondagsskolen.no](http://sondagsskolen.no)  
eller 22 08 71 00.



## Vitsar

Klassa hadde  
matteprøve. Ei av  
oppgåvene var slik:  
«Eit hus har 5 etasjar.  
Kvar etasje har 20  
trappetrinn. Kor mange  
trappetrinn må du då gå for  
å kome til toppen?»  
– Enkelt, tenkte Ole, og  
skreiv: «Alle.»

- Korleis er den nye gitaren din?
- Eg måtte kaste han.
- Kvifor det?
- Den hadde jo eit stort hol i midten!

Kva  
får du dersom du  
kryssar ein kalkulator  
med eit menneske?  
Svar: Ein ven du kan  
rekne med.

# Stort og smått

Ein dag i vinter fekk kyrkjeverja ein telefon frå Stortingets arkiv med spørsmål omkring ei oppbevaring av delar av dette arkivet i Kviteseid kyrkje under krigen. Dette er ei historie som verken dei tilsette eller redaksjonen i kyrkjebladet kjende til frå før. Johannes Skarprud har funne fram til denne avisartikkelen frå etterkrigstida:



Faksimile frå avis Varden

Av faksimilen går det fram at det vart lagra 17 tonn materiale frå Stortingsarkivet i Kviteseid kyrkje frå sommaren 1944. Samstundes vart gamlekyrkja fylt av 18-19 tonn museumsgjenstandar tilhøyrande Historisk Museum og kunne difor ikkje brukast i lang tid.

Sit du med utfyllande opplysningar om dette, er kyrkjebladet interessert i å høre frå deg.

## Smågnagarar i Vrådal kyrkje

Mange har vært plaga med museinvasjon i vinter. I Vrådal kyrkje har desse smågnagarane dessverre øydelagt mykje. Fyrst oppdaga vi at nokre benkeputer og konfirmantkappar var gnaga på. Då Olav organist sette seg til pianoet, viste det seg at dei også hadde spist av putene på hamrane som slår på pianostrengene. Pianoet var ubruukeleg og måtte berre kastast. Då vi endeleg skulle samlast til nattverdgudsteneste i februar, viste det seg at dei små også hadde gått laus på den handsuma messekremmarar vil halde musene borte for framtida.



Musespist messekakel  
foto: Øyvind Jørgensen

# Nytt frå kyrkje og sokneråd

Tekst og foto: Kristen Salmelid

## Året 2020

Året 2020 oppsummert, viser at svært mykje godt har skjedd i soknet vårt, trass i at mange arrangement og gudstener vart avlyst. Soknerådet godkjende på sitt møte 3.mars årsmeldinga for 2020. Den kan du finna og lese på nettsida vår [www.kviteseid.sokn.no](http://www.kviteseid.sokn.no).

## Rekneskapsresultatet er bra

	Budsjett 2020	Kommunalt tilskot	Resultat
Drift	Kr 4,71 mill.	Kr 3,43 mill.	Kr 190.000 i mindreforbruk/overskot
Investering	Kr 2,08 mill.	Kr 1,0 mill.	Kr 36.000 overskot

Ofringar vart betydeleg lågare grunna færre messer. Det vart då mindre inntekt både til eiga verksemد, og til andre vi samla inn og sender pengar til. Samla ofringar vart kr 118.000 (budsj.2020 og resultat 2019 var kr 286.000)

Dei faste gåvene auka litt då fleire nye starta med faste månadlege gåver rett frå konto. Samla vart det gjeve kr 73.500. (Gåver via Kyrkjebladet: sjå sida med giroen)

Kyrkjelydsbasaren i slutten av november gav eit brutto resultat på kr 50.000. Det er omrent som eit vanleg år, så det er vi svært nøgde med, med tanke på at det hovudsakeleg var førehandssal av lodd og at folk ikkje kunne vera til stades.

## Ferdige investeringsprosjekt 2020

Ringeklokka i gamlekyrkja fekk nytt oppheng og kan nå endeleg brukast att. Brunkeberg kyrkjetårn fekk nye fliser. Våpenhuset og taket på gamlekyrkja fekk ein omfattande rehabilitering. Stor gras-klyppar blei erstatta med ny. Maskinar og utstyr til kyrkjegardsarbeid vart samla under tak ved bårehuset i Kviteseid, og toaletta vart renovera slik at dei no er tenlege òg for rullestolbrukarar. Kyrkjegardsmuren i Brunkeberg fekk ein støttetur der det var fare for større utgliding.

## Nye prosjekt for 2021

Soknerådet har vedteke desse investeringsprosjekta for inneverande år, og godkjenning frå biskop og riksantikvaren er hovudsakeleg på plass.

1. Fjågesund kyrkje får brannvarsling og nytt lynvernанlegg (mangler litt godkjenning)
2. Brunkeberg kyrkje skal gjennom eit stort arbeid med forsterking av takkonstruksjonen. Mesteparten av arbeidet vil skje oppe på loftet. Inne i kyrkjerommet vert lite synleg, men utvendig vil det koma nokre støtter i dei 4 innvendige hjørna. Kostnadsrammen på kr 1,5 mill. Kr 840.000 av dette er tilskot frå staten via Riksantikvaren.



Ny carport ved bårehuset i Kviteseid



Foto: Knut Ove Lofstad

### Gudstenester i koronatid

I januar og februar hadde vi fleire fri-luftsgudstenester for å kunne samle fleire enn dei 10 vi kunne vere inne. På biletet øver tårnagentane til gudsteneste utafor Brunkeberg kyrkje.

### Vellukka tårnagenthelg

Laurdag 30. til sundag 31. januar arrangerte Kviteseid sokn tårnagenthelg i Brunkeberg kyrkje for 3. og 4. klassingar i heile kommunen. Tårnagenthelg er eit tiltak utvikla i samarbeid mellom Den norske kyrkje og Søndagsskolen Norge og vert arrangert mange stader i landet.

Alle fekk utdelt eit agentkort med agentnummer. Agentane fekk mange oppdrag og mysterium som måtte løysast, og agentane tok utfordringane på strak arm. Oppdraga handla om å verte betre kjent i

kyrkjerommet, og om å lære Bibelen betre å kjenne. Agentane undersøkte kyrkja høgt og lågt. Det var særleg spennande å komme opp i kyrkjetårnet. Alle oppdrag vart løyst, og agentane tok seg også tid til leik og moro.

På sundag deltok tårnagentane i gudstesta med tårnagentsangen og dramatisering av preiketeksten mellom anna.

Tekst: Ove Lofstad

### Hugs fasteaksjonen

Vipps til nr 2426, eller betal inn til kontonummer: 1594 22 87 493



# OPPSLAGSTAVLA

## Ønsker du skyss til gudstjeneste?

Ring kyrkjeverje Kristen  
Salmelid på tlf. 35 06 81 31  
eller Kirsti Skjæveland  
tlf. 412 64 364.

## Føremiddagstreff:

**28. april kl. 11** på misjons-  
huset. Sjå annonse i VTB.

## Godhetsveke

**3.-8. mai** følg med på nærmere informasjon  
**9. mai** fellesgudsteneste etter godhetsveka

## Livets gang

### Døyte

#### Brunkeberg:

Andrine Unhjem Omtveit  
Eivind Nikolai Evja

### Vigde

Gro Ragnhild Gundersen  
og Vidar Haugen

### Døde

#### Brunkeberg:

Erlend Eirik Mo

#### Kviteseid:

Thea Finkenhagen  
Aage Haatveit

## Misjonshuset i Kviteseid

### April

- 7. april kl. 19** Tysdagsmøte  
**11. april kl. 11** 0-100 samling  
Ruth Draugedal  
Årsmøte etter møtet  
**13. april kl. 19** Tysdagsmøte  
**20. april kl. 19** Knut Bjørn Skytemyr  
Tysdagsmøte  
Kristian Espeland  
**25. april kl. 11** 0-100 samling  
Rolf Inge Johansen  
**27. april** Dugnad

### Mai

- 3.-8. mai** Godhetsveke  
**9. mai** Fellesgudsteneste etter godhetsveka  
**11. mai** Dugnad  
**16. mai kl. 11** Familiemøte  
**25. mai kl. 19** Ragnar Nørstrud  
Tysdagsmøte  
**30. mai kl. 11** Kirsten Eliassen  
Familiemøte  
Gunnar Salmelid

### Juni

- 1. juni kl. 19** Gunnar Salmelid  
Tysdagsmøte

## Konfirmasjonsdagar utsett til i haust

Dei fleste av årets konfirmantar har valt å utsetje konfirmasjonsdagen til i haust.

Det vert konfirmasjon i Kviteseid kyrkje laurdag 21. august og i Brunkeberg og Vrådal laurdag 28. august.

**RETURADRESSE:** KYRKJEKONTORET - KVITESEIDGATA 13, 3850 KVITESEID

# Gudstenesteliste: med etterhald om endringar

## APRIL

### Tor 1. Skjærtorsdag

Luk 22,14-23

*Brunkeberg kyrkje* kl. 18.00

Møyfrid Lunde

Ofr. Kyrkjelydsarbeidet

### Fre 2. Langfredag

Luk 22,39-23,46

*Vrådal kyrkje* kl. 11.00

Møyfrid Lunde

Ofr. Bibelselskapet

### Sun 4. Påskedag

Matt 28,1-10

*Kviteseid kyrkje* kl. 11.00

*Vrådal kyrkje* kl. 13.30

Møyfrid Lunde

Besøk av misjonær Liv Wendel

Ofr. Kyrkjelydens misjonsprosjekt

### Mån 5. 2. Påskedag

Luk 24,36-45

*Fjågesund kyrkje*

Møyfrid Lunde

Ofr. Den norske Israelsmisjon

### Sun 11. 2. sundag i påsketida

Joh 21,15-19

Felles diakonisundag i

*Brunkeberg*

Sjå annonse i VTB

### Sun 18. 3. sundag i påsketida

Joh 10,1-10

*Kviteseid kyrkje* kl. 11

Møyfrid Lunde

Ofr. Det teologiske

menighetsfakultet (MF)

### Sun. 25. 4. sundag i påsketida

Joh 13,30-35 Inga gudsteneste

## MAI

### Sun. 2. 5. sundag i påsketida

Luk 13,18-21

*Kviteseid kyrkje* kl. 11.00

Samtalegudsteneste med konfirmantane

Ofr. Norges Kristelige Studentog skoleungdomslag (NKSS)

### Sun 9. 6. sundag i påsketida

Felles gudstenesteleg møte etter godhetsveka.

Sjå annonse i VTB.

### Tor 13. Helgetorsdag

Luk 24,46-53

Friluftsgudsteneste på *Vrådal gamle kyrkjegard* kl. 11.00

Møyfrid Lunde

Ofr. Tro og medier.

### Laur. 15.

### Konfirmasjonsgudsteneste?

Matt 7,7-12

*Kviteseid kyrkje* kl. 11.00

Møyfrid Lunde

Ofr. Kyrkjelydesn trusopplæring

### Mån 17. mai

Matt 22,17-22

*Kviteseid kyrkje* kl. 11.00

- ofr. Kirkens SOS Telemark

*Fjågesund kyrkje* kl. 12.30

- ofr. Sjømannskirken

*Brunkeberg kyrkje* kl. 13.45

- ofr. Blåkors

Møyfrid Lunde

## Sun 23. Pinsedag

Joh 14,15-21

*Kviteseid kyrkje* kl. 11.00

Møyfrid Lunde

Besøk av misjonærfamilien

Hector

Ofr. Kyrkjelydens misjonsprosjekt

## Sun 30. Treeiningssundag

Luk 10,21-24 Inga gudsteneste

## JUNI

### Sun 6. 2. sundag

i treeiningstida

Joh 3,26-30

*Kviteseid kyrkje* kl. 11.00

familiegudsteneste

Møyfrid Lunde

Ofr. MaMa Children center i Manila

### Sun 13. 3. sundag

i treeiningstida

Joh 1,35-51

*Vrådal kyrkje* kl. 11.00

Møyfrid Lunde

Ofr. Kvitsund gymnas

### Sun 20. 4. sundag

i treeiningstida

Matt 16,24-27

*Kviteseid gamle kyrkje* kl. 11.00

Møyfrid Lunde

Ofr. Kyrkjelydsarbeidet

